

3.7 FORSKING

Det blir drive noko forskingsaktivitet i verneområda i Breheimen. Brearkeologi, geologi, botanikk og villrein er særleg viktige fagfelt i verneområda i denne samanheng.

Forvaltingsmål

Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.

Forvaltingsmyndigheita kan gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 8, jf. naturmangfaldlova § 48

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Retningsliner for forvaltning og bruk

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanalisert dit.

Forskning og undervisning som ikkje er i strid med verneføremålet og som skjer i samsvar med vernereglane kan skje utan løyve. Elles kan nasjonalparkstyre gje løyve til forskingsaktivitet gjennom dei generelle dispensasjonsreglane i forskriftene.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høøgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Framhald neste side »

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde. Kravet i høve urørt natur vil ikkje vere like viktig i landskapsvernområda og forskning knytt til kulturlandskap og kulturhistorie vil bli prioritert.

Aktuelle forskningsprosjekt må tilfredsstillе vitskaplege krav til oppbygging og gjennomføring.

Tiltak

- Breheimen nasjonalparkstyre skal setje seg inn i alle nye forskningsrapportar som gjeld natur, kultur og historie som er relevante for forvaltinga av verneområda i Breheimen og arbeide med å formidle resultatata av forskinga.



Fiskar ved Mysubyttvatnet. Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland